

Til fylkesordførar Jon Askeland (SP)

Interpellasjon på Vestland fylkesting sitt møte 3.-4.3.20 frå Terje Kollbotn, fylkestingsrepresentant for Raudt

NEI TIL UØNSKA VINDKRAFTANLEGG I VESTLAND!

Raudt Vestland viser til Hordaland fylkesting sitt vedtak til nasjonal ramme for vindkraft i oktober i fjor, der punkt 4 i vedtaket har denne ordlyden: «*Hordaland fylkeskommune krev at alle areal i Hordaland blir tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er særskilt omfattende konfliktar knytt til planane, m.a. vedrørende regionale og nasjonale verdiar innan landskap, friluftsliv, naturmangfold, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv.*»

Dei aller fleste kommunale uttalane til nasjonal ramme kravde med liknande grunngjevingar at kommunane sine areal blei trekte ut av ramma.

Det har seinare kome forsikringar frå sentrale partiapparat om at det skal leggjast stor, for ikkje å seie avgjerande vekt på lokale vurderingar. Noen parti har til og med tatt til orde for kommunal vetorett mot vindkraftutbyggjing.

Raudt Vestland viser vidare til at fleire kommunar no står i ein strid mot utbyggjing av vindkraft i sine kommunar; f. eks. Høyanger og Sunnfjord der Fred. Olsen Renewables dagen etter kommunestyre- og fylkestingsvalet har sendt melding til NVE om byggjing av Høyangerfjell vindkraftverk. Dette er eit vindkraftverk som Fred. Olsen Renewables vil etablere i fjellområda mellom Høyanger og Viksdalen i Gauldalen – no Sunnfjord kommune. Gulen kommune står og ovafor ei vindkraftutbyggjing på Dalsbotnfiljet som kommunen ikkje ynskjer. Fleire eksempel finst, m.a. i Sunnhordaland og i Stølsheimen.

I fylkestings-posisjonen si politiske plattform står m.a. fylgjande:

«*Vestland vil ikkje ha utbyggjing av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kultuminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak.*»

1. Vil fylkesordføraren no stå opp for dei kommunane som risikerer utbyggjing i strid med sine kommunestyrevedtak?
2. Korleis vil han i so fall gjere det - og kva kan fylkeskommunen Vestland gjere for å støtte kommunane våre som seier nei til vindkraftanlegg i eigne område?
3. Vil fylkesordføren støtte fylgjande framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak:

Vestland fylkesting kan ikkje akseptere at det blir gitt konsesjon til eit einaste vindkraftanlegg på land i Vestland fylke om kommunestyret seier nei. Vestland fylkesting vil ikkje ha utbyggjing av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kultuminne / kulturmiljø og reiseliv.

Terje Kollbotn (fylkestingsrepresentant Raudt Vestland)